



- Lysingen er ein eksklusiv fisk, seier Ivar Sandstå. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er ikkje berre i elva ein kan gjera gode fiskefangstar i Uskedalen, det kan ein også gjera i det store matfatet utanfor!

Tysdag kunne Ivar Sandstå (41) frå Nedre Børve i Hardanger melda om fangst av 200 kilo av ymse fiskeslag: Piggvar, torsk, steinbit, rødspette, sei, lyr, pigghå, lange og enda fleire. Og enno hadde han ikkje vore inno alle dei 176 garn sine!



Ivar Sandstå har ein fin og effektiv båt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Men fiskaren strekte seg ikkje lenger enn til å karakterisera fangsten som middels. Noko anna var heller ikkje å venta på ein sommardag som denne. No er det tradisjonelt ein dårleg fiskesesong, det er i september/oktober fisket tar seg opp for alvor. Då kjem til dømes lysingen, som er ein svært eksklusiv og dyr fisk.

Men ikkje for det: For tre veke sidan gjorde Ivar spesielt gode fangstar av piggvar i Uskedalsområdet – 200-300 kilo på ei veke.



Ivar Sandstå sel fisk til Reidar Myklebust på Sandakaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ivar (41) er vel verd eit medieoppslag, for han har gjort det som fleire burde gjera: Han har sagt farvel til ein triviell jobb og satsa på noko langt betre – både av omsyn seg sjølv og andre. Ivar arbeidde på "Zinken" i Odda i 21 år, men då var han dyktig lei nattskift og rundskift.

Alternativet var klårt: Han ville bli fiskar. Heilt sidan han var 10 hadde han fiska - meir på fjellet enn i fjorden. Han fortalde om planen til kona Hege. Det tok nokre veke før ho svara. Men no er ho med på fisket for fullt, saman med hunden Simba. Dette er tredje sesongen Ivar er fiskar og han har ikkje angra ein dag. Han tener betre enn på fabrikk, men timelønna er naturleg nok mindre.

Ivar held det gåande på fjorden året rundt, men om ei veke unner han seg ein liten ferie saman med ein kompis – med fiskestånga i Hårteigen-området.

I Sørfjorden er framleis ikkje tilhøva for fisken dei beste og det er heller ikkje nokon sterk kultur for å fiska der. Difor søker Ivar utover i fjorden og han har spesielt fiska mykje rundt Huglo og Tysnes. Men seien blir "feit og fæl" på grunn av oppdrettsanlegga og Ivar får ikkje lenger levert han til fiskemottaket på Os. Difor satsar han andre stader der han som regel får flyndrefisk, torsk, steinbit og breiflabb.

No er det så langt mellom dei profesjonelle fiskarane i Hardangerfjorden at dei kjenner kvarandre. Til dømes er det også berre ein aktiv fiskar i Rosendal, fortel Ivar, Etter å ha starta med ein gamal dorry har han no ein fin og effektiv båt med mykje bra utstyr. Det er ein kryssar som er ombygd i bakenden og opprinneleg vart bygd på Reksteren.

Den er også heilt OK å bu i, seier industriarbeidaren som vart fiskar.

Av Ola Matti Mathisen



Ivar og Simba unner seg ein liten kvil mellom øktene. (Foto: Ola Matti Mathisen)